



Elev og snart lærling Kjartan Bauge (nummer fire frå høgre) saman med 12 medelevar og to lærarar på HMR Husnes tysdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kjartan Bauge (17) frå Korsnes i Uskedalen hadde ei litt spesiell oppgåve tysdag føremiddag: Han skulle presentera HMR-konsernet for 12 klassekameratar og to lærarar frå Fusa Vidaregåande Skule. Og det gjorde han på ein grei måte – først ved hjelp av power point og så under ei omvisning rundt på HMR Husnes.



Kjartan Bauge rosar arbeidsmiljøet ved HMR Husnes. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kjartan er no snart ferdig med andre årssteget på Eikelandsosen i Fusa og frå sommaren går han over frå å vera elev til å bli lærling ved HMR. Om to år er han sveisar men kva som då blir det neste er han førebels litt usikker på. Kanskje går han rett inn på ingeniørskulen, men det er også mogeleg at han gjer unna militærtenesta først.



Kjartan orienterer klassekameratane sine om HMR. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kjartan går på TAF som tyder teknisk/allmenn og no er opplegget at han er på skulen tre dagar og på HMR to dagar i veka. Neste år blir det omvendt.

Kjartan bur på hybel på Eikelandsosen.

- Første målet er å bli sveisar, men eg tar ålmennfag i tillegg for å rette meg inn mot ingeniørstudiet, fortel Kjartan.

Det var reint tilfeldig at han hamna på kombinasjonen Fusa/HMR. Det skjedde etter den årlege presentasjonen av tilbodet i distriktet.

Elevane i klassa til Kjartan kjem både frå Kvinnherad, Fusa, Os, Kvam og Samnanger og dei er spreidde rundt på bedrifter i kommunane sine. Frank Mohn, Fjellstrand og Fusa Mekaniske er tre av bedriftene som dei jobbar ved. Og som Kjartan gjorde tysdag presenterar dei i tur og orden desse for medelevane sine.

Klassekameratane nølte ikkje med å stilla spørsmål til omvisaren og eitt av dei galdt naturleg nok arbeidsmiljøet ved HMR Husnes.

- Det er veldig godt, var svaret

Også når det gjeld arbeidsoppgåvene han får er Kjartan godt tilfreds. Tiltross for sine unge år får han jobba svært sjølvstendig.

Ellers er Kjartan mest kjend som judo-utøvar på topp-nivå som nyleg erobra bronse i NM. Han har vore aktiv i judomiljøet i Rosendal sidan han gjekk i åttande klasse, etter å ha fått første "kveiken" av ein kamerat i Uskedalen – Dag Gjertsen. Under NM i Sandnes for ikkje lenge sidan presterte han å bli nummer tre etter to landslagsfolk.

- Eg kjem til å halda fram med judoen, men berre på hobbybasis, seier Kjartan, som vart litt overraska over bronzen. Hvis han skal nå lengre må han dra til Bergen for å trenast og det blir neppe aktuelt.

- Men det er kjekt å vinna over folk som kanskje trenar meir enn ein sjølv, seier Kjartan.

Av Ola Matti Mathisen



Fusa-elevane hadde ein spanande rundtur på HMR Husnes. (Foto: Ola Matti Mathisen)